



Marknadsansvarleg, Magnhild Hauigland, er den som har hovudæra for at Dimmelsvik Bil i kveld vart tildelt Kvinnherad mållag sin Målblom 2018.

Dimmelsvik Bil vart i kveld tildelt Kvinnherad mållag sin målblom for 2018. Dagleg leiar, Bernt Bjørsvik, og marknadsansvarleg, Magnhild Haugland, var stolte mottakarar. Bjørsvik sa i takketalen at Magnhild Haugland frå Uskedalen er den i verksemda som passar på og ser til at Dimmelsvik Bil brukar nynorsk i lysingar og i all skriftleg kommunikasjon.

Kvinnherad mållag har sidan 1999 årleg tildelt målblomen til ei verksemd eller ein organisasjon som syner språkleg medvit og brukar målforma nynorsk. Kvinnherad mållag har merka seg versemda i Dimmelsvik og deira positive haldning til nynorsk og det i ein bransje som oftast er sterkt bokmålsdominert..

Dimmelsvik Bil er truleg den einaste Toyotaforhandlaren i landet som brukar Toyota sin skiltplan på nynorsk. Tilsende lysingar vert omsett til nynorsk før bruk. Eigne lysingar vert skrivne på nynorsk. Digitale lysingar, som vert laga på huset, er skrivne på nynorsk. Facebooksida vert administrert og skriven på nynorsk. All skriftleg kommunikasjon, som verksemda har påverka på, er på nynorsk.

Dimmelsvik Bil er med dette eit føredøme for andre verksemdar i same bransje. Eit samla årsmøte tildelte Dimmelsvik Bil Målblomen for 2018.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal